

# LISTE TIL KORREKTURLESING AV NYNORSKE TEKSTAR

Når du korrekturles teksta di, kan du fyrst bruke søkefunksjonen i Word, og leite etter dei vanlegaste og mest alvorlege feila. På den måten kan du effektivt luke ut skrivefeil, og gjere teksta di mykje betre. Når du har søkt deg gjennom lista, korrekturles du manuelt; da granskar du kvar setning, og slår opp alt du ikkje er sikker på.

- Søk **JEG**, og skift dei ut med **EG**.
- Søk **IKKE**, og skift dei ut med **IKKJE**.
- På nynorsk skal ein gjerne unngå «anbehetelser», altså ord som byrjar på **AN** og **BE**, og sluttar på **HET** og **ELSE**. Når du korrekturles teksta di, kan du difor bruke søkefunksjonen i Word, og søkje på **AN** og **BE**. Da vil du finne alle orda som byrjar på **AN** og **BE**. Mange av dei vil vere tillate, men du vil finne dei ulovlege. Ofte kan du erstatte dei lovlege med andre og betre nynorske ord.
- Søk på **HET** og **ELSE**. Da finn du alle orda som sluttar på **HET** og **ELSE**. Nokre av dei er tillate, men mange er ulovlege. Bytt ut dei ulovlege orda med andre ord.
- På nynorsk skal ikkje ord byrje på **HV** (med unntak av eigannamn som Hvaler, og liknande). Søk difor **HV**, og bytt ut orda som er feil.
- På nynorsk skriv ein ikkje **MAN**, men **EIN**. Søk derfor på **MAN**, så finn du alle desse ulovlege orda. Bytt dei ut med **EIN**.
- Ein skal gjerne unngå s-genitiv på nynorsk, altså frasar som «hundens**s** pels» og «mannens**s** hatt». Søk opp **S[space]**, så finn du alle ord som sluttar på S. Mange av dei vil vere tillate, slik som orda «pils» og «snus», men du vil finne dei ulovlege orda. Bytt dei ut med «hunden sin pels», eller anna.
- Mange ord som byrjar med **FOR** er ikkje tillate på nynorsk, slik som orda. Søk **FOR**, og luk ut dei ulovlege orda.
- Mange ord som byrjar på **HEN** er ikkje tillate, slik som ordet «hentyde». Søk derfor **HEN**, og luk dei ulovlege orda ut.
- Mange bokmålsord med stavinga **VN** (slik som orda «navn» og «nevne»), er ikkje tillate.
- Ord som sluttar på **LIG** (som ordet «vidunderlig») er ikkje lov på nynorsk. Søk derfor **LIG**, så finn du alle desse orda.
- Endinga **-NING** er som oftast ikkje lov. Søk derfor **NING**, og skift dei ut.
- Ordet «skrive» skal samsvarsbøyes: boka er *skrivn* av Hamsun, diktet er *skrive* av Wergeland, skodespela er *skrivne* av Ibsen. Søk **SKRIV**, og sjekk at du bruker dei tre variantane korrekt. «Å skreve» er noko anna – du kan jo søkje opp **SKREV** òg, og sjekke om du har skrive det noko sted.